



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.	Vår ref.	Arkiv:	Dato
202318602-2	22/1884-9 /ELITVE/24/2877	FA-S11, TI-&18	25.01.2024

Uttale til søknad om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Kjelavassdraget

Utval for samfunn, plan og næring har i møte 24.01.2024 09:00 fatta følgjande vedtak i sak 011/24:

Ullensvang kommune rår til at Noregs vassdrags- og energidirektorat godkjenner Statkraft sin søknad om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Kjelavassdraget på følgjande vilkår:

1. Statkraft må ha auka fokus på tryggleiken og tilsyn i arbeidsperioden.
2. Statkraft skal senda informasjon til Ullensvang kommune om når arbeidet startar og når det vert utrygg is i perioden 01.03.2024–06.04.2024, som kan leggst ut på nettsida.
3. Ullensvang Kommune oppmodar Statkraft om å kompensera Røldal Fjellstyre for tapte inntekter i samband med redusert/bortfall i sal av fiskekort i perioden arbeidet går føre seg.

Helsing

Elisabeth P. Tveit
rådgjevar

Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikkje signatur.

Kopi til:

Ole-Jørgen Jondahl rådmann

Ring oss

Telefon: 53 65 40 00
Sentralbord: 09.00 – 15.00
Org.nr 920 500 633

Kontakt oss

Opheimsgata 31
5750 Odda
postmottak@ullensvang.kommune.no

Besøk oss

Besøk innbyggjartorga i
Jondal, Odda og Kinsarvik
www.ullensvang.kommune.no

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr. i utval
Utval for samfunn, plan og næring	24.01.2024	011/24

Saksbehandlar:	Arkivsak – dok.nr	22/1884 – 8
Elisabeth P. Tveit	Journalpostnr.	24/636

Uttale til søknad om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Kjelavassdraget

Vedlegg	
09.01.2024	Avgrensa høyring – Søknad om midlertidig fråvik frå manøvreringsreglementet i Kjelavassdraget
09.01.2024	Søknad frå Statkraft
09.01.2024	Svar på spørsmål om utsett frist på uttale til søknad om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Kjelavassdraget
09.01.2024	Høyringsinnspel frå Røldal fjellstyre

Saka blir avgjort av:

Utval for samfunn, plan og næring

Tilråding frå rådmannen:

Ullensvang kommune rår til at Noregs vassdrags- og energidirektorat godkjenner Statkraft sin søknad om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Kjelavassdraget på følgjande vilkår:

1. Statkraft må ha auka fokus på tryggleiken og tilsyn i arbeidsperioden.
2. Statkraft skal senda informasjon til Ullensvang kommune om når arbeidet startar og når det vert utrygg is i perioden 01.03.2024–06.04.2024, som kan leggjast ut på nettsida.

24.01.2024 Utval for samfunn, plan og næring

Behandling

Framlegg nytt pkt , foreslått av Jarle Rasmussen, Arbeidarpartiet

3. Ullensvang Kommune oppmoder Statkraft om å kompensere Røldal Fjellstyre for tapte inntekter i forbindelse med redusert/bortfall i salg av fiskekort i perioden arbeidet pågår.

Habilitet:

Andre Botnen (AP) stilte spørsmål ved eigen habilitet da han er medlem av Røldal fjellstyre.

Røysting: Utvalet vedtok samrøystes at Andre Botnen var inhabil i saka etter forvaltningslova §6e.

Varamedlem var ikkje innkalla.

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen med tilleggsframlegg frå Jarle Rasmussen vart samrøystes vedteke med 12 røyster.

USPN – 011/24 Vedtak

Ullensvang kommune rår til at Noregs vassdrags- og energidirektorat godkjenner Statkraft sin søknad om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Kjelavassdraget på følgjande vilkår:

1. Statkraft må ha auka fokus på tryggleiken og tilsyn i arbeidsperioden.
2. Statkraft skal senda informasjon til Ullensvang kommune om når arbeidet startar og når det vert utrygg is i perioden 01.03.2024–06.04.2024, som kan leggst ut på nettsida.
3. Ullensvang Kommune oppmodar Statkraft om å kompensera Røldal Fjellstyre for tapte inntekter i samband med redusert/bortfall i sal av fiskekort i perioden arbeidet går føre seg.

Saksopplysningar:

NVE ber Ullensvang kommune om uttale til søknad om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Kjelavassdraget i perioden 01.03.2024–06.04.2024. I samband med ombygging av Kjela dammar søker Statkraft Energi AS om midlertidig løyve til å:

1. manøvrere Ståvatn over LRV.
2. halde Kjela vatn nær LRV i perioden.
3. fråvike slepp av minstevassføring på 300 l/s i Kjela vassdraget.

Ullensvang kommune har fått utsett frist for uttale til 26.01.2024.


Kjela vassdraget ligg i Ullensvang og Vinje kommune. Ståvatn er på grensa mellom kommunane. Ståvatn er regulert mellom lågaste regulerte vassstand (LRV) på 966, og høgaste regulerte vassstand (HRV) på 978,5.

Statkraft varsler også at det vil vera naudsynt å manøvrera Ståvatn over LRV våren 2025 og 2026 i samband med arbeid ved Kjela dammer, samt fråvike slepp av minstevassføring i Kjela vassdraget i ein kort periode våren 2025.

Vurdering:

Ståvatn er i eit mykje nytta friluftsområde som er lett tilgjengeleg langs E134. Det er stor trafikk vinterstid med ferdsel på og i nærleiken av Ståvatn. Området vert nytta til isfiske, skitur, kiting og andre aktivitetar.

Arbeidet til Statkraft i Kjelavatn fører til ei gradvis heving av Ståvatn. Det krevst at Kjelavatn må haldast på LRV, og med begrensa tappemoglegheitar ut av Kjelavatn i perioden er det naudsynt å magasinera tilsig i Ståvatn.



Figur 4 Prognosert vannstandsutvikling Ståvatn i perioden 24.11.2023 -28.04.2024. LRV: 966,00 HRV 978,50

Utklipp frå søknaden til Statkraft:

Rådmannen ber om at Statkraft informerer kommunen når arbeidet startar, når det vert utrygg is i perioden 01.03.2024–06.04.2024. Det kan oppstå usikker is i områder langs land. Det kan redusera moglegheita for ferdsel på isen i enkelte områder rundt Ståvatn. Statkraft må informera turistar på ein god måte. Det er positivt at Statkraft skal ha ekstra tilsyn av isforholda.

Ei auking av vasstanden ein periode på to månadar før snøsmeltinga vil ikkje påverka dyra i vatnet negativt. Det vert sett ut 6000 1-somrig aure årleg i Ståvatn.

Samandrag konklusjon:

Ullensvang kommune rår til at Statkraft får løyve, men må ha ekstra tilsyn, og kommunen må få informasjon om arbeidsstart og usikker is i arbeidsperioden til å leggja ut på nettsida.